



- eit fyrstårn i vest

Status på tilbod og kapasitet i småbåtanlegga i Øygarden.

Kunnskapsgrunnlag om areal til småbåthamner



Rapporten sumerar opp innspel frå båtlag, marinaer o.t. om arealstatus og kapasitet i småbåtanlegga i Øygarden

Innhold

1.	Bakgrunn for undersøkinga	3
	Kven har delteke?	3
2.	Kapasiteten i dei etablerte båtanlegga	3
	Kor har vi ledig kapasitet?	6
	Er det potensiale for å utvida båtanlegga?	7
	Kva skal til for å kunna utvida båtanlegget?	9
3.	Kva er viktig når vi skal finna eigna areal til småbåthamner i Øygarden?	9
4.	Oppsummering – areal til småbåthamner i Øygarden	11

1. Bakgrunn for undersøkinga

I juni 2025 vart det gjennomført ei spørjeundersøking om småbåthamner i kommunen. Føremålet med undersøkinga var å kartlegga om det i arealdelen til kommuneplanen er sett av tilstrekkeleg med areal til småbåthamner. Resultatet frå spørjeundersøkinga inngår som kunnskapsgrunnlag i arbeidet med ny arealdel til kommuneplanen for Øygarden 2027 - 2039.

Kven har delteke?

Undersøkinga vart sendt til 47 kontaktpersonar for båtlag, marinaer eller tilsvarande. Undersøkinga vart også gjort tilgjengeleg for innspel via kommunen si nettside, og det har vore artikkel i Vestnytt om undersøkinga.

Samla har vi motteke 39 svar. 35 av desse anlegga er etablert og i drift, medan 4 anlegg per no ikkje er realiserte. Årsakene til manglande realisering varierer, men handlar om «vindar og sjø», «stopp i planprosessen» og/eller at «det ikkje vart teke vidare initiativ til å setja i gang arbeidet».

Småbåtanlegga som vi har fått svar i frå, varierer stort i størrelse. Det minste anlegget rapporterer om 3 plassar, medan dei to største tilbyr 130 båtplassar. 22 av 35 småbåtanlegg, som tilsvarer 63 prosent, rommar opp til 40 båtplassar (tabell. 1).

Tabell 1. Tal småbåtanlegg med ulik størrelse. Absolutte og relative tal.

Tal anlegg 20 plassar og mindre	Tal anlegg 21-40 plassar	Tal anlegg 41-60 plassar	Tal anlegg 61-80 plassar	Tal anlegg 101-130 plassar	Tal ikkje oppgitt	Totalt
12	10	4	3	4	2	35
34,3 %	28,6 %	11,4 %	8,6 %	11,4 %	5,7 %	100 %


Kart 1 på side 4, viser kor anlegg med ulik størrelse er lokalisert. Vi gjer merksam på at ikkje alle aktørane har merka av i kartløyninga kor anlegget ligg, men vi ser at småbåtanlegg finst i heile kommunen. Anlegga med flest båtplassar (over hundre) finn vi i sør. I nord tilbyr dei to største anlegga høvesvis 52 og 57 båtplassar.

2. Kapasiteten i dei etablerte båtanlegga


I dei 35 etablerte anlegga er det rapportert om totalt 1380 båtplassar. 22 av desse anlegga oppgir å vera «fullbooka» (62,8 prosent). 19 av dei 22 anlegga som ikkje har ledige plassar (82,6 prosent), oppgir å ha meir enn eit halvt års venteliste på tildeling av båtplass. I totalt 16 av 35 anlegg (45,7 prosent) må interessentane vente i minimum eitt år (Tabell 2). Kart 2 side 5, viser kor i kommunen dei mest «pressa» anlegga ligg.

Tabell 2: Tal anlegg som oppgir å ha ledige/ikkje ledige båtplassar og forventa ventetid for å få tildelt plass.

Venteliste tildeling båtplass:	Tal anlegg som ikkje har ledige plassar	Tal anlegg som har ledige plassar	Totalt
Inga venteliste	3	9	12
Nokre veker/månader venteliste	0	2	2
Venteliste på eit halvt til eitt år	3	1	4
Eitt års venteliste eller meir	16	0	16
Ikkje svart på spørsmålet	1	0	1
Totalt	23	12	35



Kart 1. Lokalisering av småbåthamner med ulik størrelse. (Merk at det er 27 av totalt 35 anlegg som har merka av lokaliseringa i den tilgjengelege kartløyisinga).




Kart 2. Småbåtanlegg med og utan venteliste. (Merk at det er 27 av totalt 35 anlegg som har merka av lokalisering i kartløyisinga).

Kart 2 viser at det er anlegga i den sørlege delen av kommunen som er mest pressa. Der er det kun eitt småbåtanlegg som oppgir å *ikkje* ha venteliste. Men også fleire av anlegga som er lokalisert i tidlegare Fjell, har lang venteliste på tildeling av båtplass. Samstundes oppgir 4 av anlegg i dette området at dei er *utan* venteliste, eller at dei kan tildela plass i løpet av *nokre veker/månader*.

Kor har vi ledig kapasitet?

Undersøkinga viser at 12 av dei 35 etablerte anlegga (34,3 prosent) har ledig kapasitet (jf. tabell 2) til totalt 247 fleire båtar. 181 plassar fordelt på 9 anlegg, kan tildelast raskt då dei oppgir å ikkje ha venteliste.

Ytterlegare to anlegg har ledig kapasitet til 12 båtar, men her må interessantar vente nokre veker/månader for å få tildelt ein ledig plass.



Kartet til venstre viser at tre anlegg nord i Øygarden, raskt kan tildela 52 interessantar ein båtplass.

I området Lillesotra finst 11 slike ledige plassar, medan 60 plassar finst vest i Øygarden.

Kun eitt anlegg i sør står utan venteliste, men oppgir samstundes at dei ikkje har ledige båtplassar.

Vi gjer igjen merksame på at ikkje alle anlegg med ledig kapasitet har merka av lokaliseringa i kartløyninga.

Kart 3. Småbåtanlegg med tal ledige plassar og utan venteliste.

Er det potensiale for å utvida båtanlegga?

I undersøkinga er det også spurt om det finst potensiale for å utvida båtanlegget i det området dei er lokalisert i. 4 av 24 aktørar som har svart på dette spørsmålet, melder tilbake at det *ikkje* er mogleg å utvida (tabell 3). Ein aktør som representerer eit lite båtanlegg med 3 plassar, føyer til at ei utviding må handla om å finne ein ny lokalitet i området som gir rom for eit større anlegg, og viser til Austefjorden der det er moglegheit for både parkering og veg.

Ytterlegare to aktørar viser til alternative lokalitetar for å få til ei utviding. Dette gjeld for Turøy og Brattholmen. På Brattholmen er det ønskjeleg med ny småbåthamn i samband med butikken på kaien. Der meiner dei at eit småbåtanlegg med gjestehamn, også kan gi «spinoff-effekt» i form av nye servicetilbod og arbeidsplassar. Det blir også vist til at folketalet på Brattholmen er aukande, og at «mange bur i gangavstand til kaiområdet, men tilgang til båtplassar er veldig liten i dag».


10 aktørar meiner at deira anlegg har potensiale for *noko* utviding (jf. tabell 3). 5 av desse anlegga har venteliste på meir enn eit halvt år.

Ytterlegare 10 meiner det er rom for ei *større* utviding. Blant desse har 6 av 10 ei venteliste på meir eitt år.

Tabell 3. Tal anlegg som har potensiale for utviding og kor lang venteliste dei eventuelt har i dag.

Potensiale for å utvida anlegget:	Tal anlegg med eit halvt til eitt års ventetid	Tal anlegg med meir enn eitt års ventetid	Tal anlegg utan venteliste eller maks nokre veker/månader	Totalt
Ikkje potensiale	1	2	1	4
Noko potensiale	1	4	5	10
Større potensiale	1	6	3	10
Totalt	3	12	9	24

Kart 4 side 8, viser kor anlegg med ulikt potensiale for utviding ligg. To anlegg som meiner å ha eit *større potensiale* ligg nord i Øygarden. Eitt anlegg ligg sør på Litlesotra, eitt i vest og fire anlegg er lokalisert sør i Øygarden.



Kart 4. Småbåtanlegg med ulikt potensiale for å utvida tilbudet med fleire båtplassar. (Merk at det er 27 av totalt 35 anlegg som har merka av lokalisering i kartløyisinga).

Kva skal til for å kunna utvida båtanlegget?

Aktørar som meiner at båtanlegget kan utvidast, har også gitt innspel på spørsmål om kva som skal til for å kunna realisera ei eventuell utviding.

Frå anlegg som per no ikkje har venteliste, men likevel ser potensiale for *noko utviding*, signaliserer 1 aktør at dette vil skje i neste byggetrinn. Per i dag tilbyr dette anlegget 20 plassar. Kor mange nye båtplassar som kan tilbydast når anlegget blir utvida, er ikkje opplyst.

Eit anna småbåtanlegg ønskjer å utvida med fleire aktivitetstilbod, heller enn båtplassar. Andre aktørar viser til at det må vera «interesse, både frå eigarar og innbyggjarar», at «ei utviding vil krevja godkjenning frå kommune/statsforvaltar» og/eller krevja tiltak som «utgreiingar og molo/bølgedemping».

Frå båtanlegg med eitt års venteliste er det 2 som svarar at ei utviding per no ikkje vil vera rekningssvarande, blant anna fordi det må byggast molo. Andre er opptatt av at føremålet i arealdelen må endrast frå «hamn» til «småbåthamn», og at dette føremålet må vera godkjent i arealdelen før det er aktuelt å gå i gang med utviding av småbåtanlegget.

10 aktørar meina at området dei er lokalisert i, har potensiale for ei *større utviding*. Dei spelar inn ulike løysingar for å få til ei slik utviding, men eitt anlegg har allereie møtt «avslag/motsegn knytt til veg og parkering», andre peikar på «løyve frå kommunen», eller at dei vil «avventa vidare prosess til føremålet er avklart i ny arealdel til kommuneplanen».


3. Kva er viktig når vi skal finna eigna areal til småbåthamner i Øygarden?

Dei som har svart på undersøkinga, er opptatt av at Øygarden er ein kystkommune der innbyggjarane, uavhengig av kor ein bur, må ha lett tilgang til sjø, båthamner og båtplass; gjerne ved at folk kan gå, sykla eller nytta kollektivtilbod fram til småbåtanlegget.

Dei viser også til at vi må finna områder som taklar «skiftande og røffe vêrforhold», noko som inneber «tilstrekkeleg djupne», «at hamna må ligga lunt», og at anlegga, etter behov, må kunna ha «bølgedemping og molo» for å skjerma mot straumar, vind, bølger og sjø.

Andre er opptatt av «vêrforholda som har endra seg», slik at båtplassar langs land ikkje lenger kan nyttast heile året, på uvêrsdagar og når det er flo sjø. I dag må ein på slike plassar tillata å bygge «flytebrygge med utriggarar» (jf. tilsendt foto frå Golten som illustrera dette poenget).

I småbåthamner må også nødvendig infrastruktur som vatn, straum, veg og parkering vera på plass, og hjelpemiddel som utkøyringsrampe, slipp, båtoppdrag og krane må vera tilgjengeleg. Ein annan legg til at «det bør vera mogleg å tilrettelegga for små-bodar på land (4-6 m2) som kvar enkelt båteigar kan bruke til oppbevaring av enkelt reiskap som teiner, garn og fiskeutstyr». Slik plass til oppbevaring vil gjera det enklare for brukarane å gå, sykla eller ta seg fram kollektivt til anlegget.



Bilete frå Golten, sommar, haust og etter ein uvêrsdag (Foto: Norvald Golten).

Det er også meldt inn behov for å kunna imøtekoma ein auka etterspurnad til båtar som er større enn 35 fot, men for å få til ei slik utviding i noverande anlegg må det byggast molo, noko som krev søknad om løyve og godkjenning frå kommunen.

Fleire aktørar spelar inn at vi i ny arealdel bør prioritera å setja av eigna areal i dei områda som allereie har småbåthamner. Ei eventuell utviding av anlegga og/eller nye hamner må sjåast i samanheng med interesse, etterspurnad og om det er mangel på båtplassar i spesifikke område av kommunen.

Det er også viktig med universell tilrettelegging, inklusiv fasilitetar som parkering. Slike tilbod kan med fordel «ligge nær fiske- og rekreasjonsområde med allment tilgjengelege tilbod som benkar, bord og grill».

For å unngå interessekonfliktar bør ikkje småbåtanlegg ligge for nær næringsverksemd. Kommunen bør heller sjå til områder der «grunneigar er positive til føremålet og til t.d. meir trafikk på land». Det blir også spelt inn at kommunen si rolle er viktig for å skapa føreseielegheit for dei som skal etablera småbåthamner: «Gi klar beskjed i reguleringsplanar om korleis det skal vera, tidsfristar og oppfølging under etableringa av båthamna og tilstøytane område. Arealet må vera godkjent, slik at det ikkje blir stopp og forseinkingar p.g.a. uklare forhold til andre interesser».

Andre er svært skeptiske til krav om reguleringsplan og meiner vi som kommune heller bør lempa på «stivbeinte» krav og plankrav: «Eg har søkt om utviding til 100-150 plassar, men svaret ligger på det offentlege. Det kostar for mykje med full reguleringsplan. Gamalt bryggjeanlegg og fornying, i tillegg til regulering blir for dyrt; eg har difor pausa heile prosjektet inntil vidare».

Ein annan aktør legg til: «Dersom innbyggjarar i kommunen som sit på naust- og sjøeigedomar hadde fått lov til å ha egne flytebrygger, ville det blitt frigjort mange båtplassar i marinaen til innbyggjarar som ikkje har naust eller andre moglegheiter til å fortøye båt. (....). Dispensasjonar i hytt og pine for ei flytebrygge er bere tull. Vi er ein kystkommune og det bør vere velvilje frå kommunen til dette».

4. Oppsummering – areal til småbåthamner i Øygarden

Føremålet med denne undersøkinga har vore å få meir kunnskap om areal til og status på tilbod og kapasitet i småbåtanlegga i Øygarden.

Tilbakemeldingane viser:

- Vi har motteke svar frå 39 av totalt 47 registrerte småbåtanlegg i kommunen. 35 av desse anlegga er i drift, medan 4 per no står som urealiserte.
- I dei 35 etablert anlegga er det rapportert om totalt 1380 båtplassar. 23 av desse anlegga oppgir å vera «fullbooka» (65,7 %).
- I 20 av 35 anlegg (57 %) må interessentar vente meir enn eit halvt år for å få tildelt båtplass.
- Det er stor variasjon i størrelse på småbåtanlegga. Majoriteten av anlegga (63 %) har kapasitet på opp til 40 båtplassar. 4 anlegg tilbyr meir enn 100 plassar. Dei 2 største har 130 båtplassar.
- Kapasiteten i båtanlegga syns å vera mest pressa i sørleg del av Øygarden. Kunn eitt anlegg oppgir å vera *utan venteliste*, men per i dag har dei ikkje ledige plassar.
- Også fleire av anlegga som er lokalisert i tidlegare Fjell, har lang venteliste på tildeling av båtplass. Dei anlegga som har ledig kapasitet, har relativt få ledige båtplassar å tilby.
- Flest ledige båtplassar finst i anlegg som er lokalisert vest og nord i Øygarden.
- 20 av 35 anlegg har svart at det er potensiale for å utvida småbåtanlegget. 10 av anlegga melder om potensiale for «noko utviding av plasstilbodet», og dei 10 andre meina det er rom for «ei større utviding». Nokre utvidingar er allereie omsøkt, men har fått avslag/motsegn grunna blant anna «parkering og veg».
- Andre aktørar viser til at utviding, fornying, utgreiningar og krav om reguleringsplan ikkje er rekningsvarande.
- Fleire skriv at dei ønskjer å avventa førespurnad om ei eventuell utviding, til arealføremålet er avklart i den nye arealdelen.

Innspel som omhandlar kva som er viktig når vi skal setje av areal til småbåthamner, teiknar følgjande mønster:

- I ny arealdel bør kommunen prioritera å setja av areal i dei områda som allereie har småbåthamner. Ei eventuell utviding av anlegga eller nye hamner må sjåast i samheng med interesse/etterspurnad og mangel på båtplassar i området.
- Det er viktig med universell tilrettelegging, inklusiv parkering. Slike område kan med fordel ligge nær fiske- og rekreasjonsområde med allment tilgjengeleg tilbod som benkar, bord og grill.
- Vi er ein kystkommune der innbyggjarane, uavhengig av kor ein bur, må ha lett tilgang til sjø, båthamner og båtplass; gjerne ved at folk kan gå, sykla eller nytta kollektivtilbod fram til småbåtanlegget.
- Kommunen må finna områder som taklar «skiftande og røffe vêrforhold». Anlegga må ha «eigna djupne» og dei «må ligga lunt».
- Etter behov, må det vera tillate med «bølgedemping og molo» for å skjerma mot straumar, vind og sjø.

- På utsette plassar ved land, ref. vêrforholda som har endra seg, må ein kunna anlegga flytebrygge med utriggarar.
- Nødvendig infrastruktur som vatn, straum, veg og parkering må vera på plass, og hjelpemiddel som utkøyringsrampe, slipp, båtoppdrag og krane må vera tilgjengeleg.
- Det er behov for å imøtekoma auka etterspurnad til båtar større enn 35 fot.
- Vi bør unngå interessekonflikt med t.d. næringsverksemd.
- Den nye arealdelen må skapa føreseielegheit med godkjent føremål som «småbåthamn», og stille tydlege krav til kva som må gjerast for å etablera ei småbåthamn (jf. krav om/i ein reguleringsplan).
- Andre aktørar er skeptiske til «alle stivbeinte krav», og spelar inn at fornying og utviding av småbåtanlegga ikkje vil vera rekningsssvarande når kommunen stiller krav om reguleringsplan.